

# Referat frå møte i rådet ved Institutt for framandspråk

**Møtetid:** onsdag 11. april 2018

**Stad:** seminarrom 217 i HF-bygget

## **Til stades:**

Frå gruppe A: Ludmila I. Torlakova (arabisk), Lene M. Johannessen (engelsk), Harry Solvang (japansk), Hildegunn Lahlum Helness (Nasjonale prøvar), Shouhui Zhao (kinesisk), Ingunn Lunde (russisk), Miguel Angel Quesada Pacheco (spansk).

Frå gruppe B: Gunn Inger Sture

Frå gruppe C: Hild Meland Welle

Frå gruppe D: Stine Haugland

Arve Kjell Uthaug møtte som sekretær.

## **Sak 1 – godkjenning av innkalling og sakliste**

Godkjende utan merknader.

## **Sak 2 – godkjenning av referatet frå rådsmøtet 14. februar 2018**

Referatet godkjent utan merknader.

## **Sak 3 – orienteringssaker**

- A. Instituttet hadde eit godt resultat for publikasjonspoeng i 2017: 92 poeng er det høgaste instituttet har hatt sidan 2009.
- B. Instituttet har fått tildelt midlar til undervisningsassistentar hausten 2018: arabisk, engelsk, fransk, japansk, russisk og spansk har fått støtte.
- C. Instituttleiar orienterte om arbeidet med ein ny humaniorastrategi for UiB, der dekanen har sendt ut eit kort notat med orientering til institutta. Notatet frå dekanen vart delt ut i møtet. Johnsen bad representantane ta med saka til sine respektive fagmiljø og bad dei melda tilbake synspunkt til henne seinast onsdag 18. april.

## **Sak 4 – orientering om økonomien i vidareutdanninga og andre interne prosjekt ved instituttet**

Uthaug orienterte om økonomien i vidareutdanninga ved instituttet (sjå sakspapira).

## **Sak 5 – ymse**

Johannessen tok opp komiteane for doktorgradssøknadene. Her kan det vera mange ulike fag og fleire disiplinar, men det er berre krav om to medlemar i komiteen. Instituttleiar Johnsen viste til at instituttet har prøvd å supplera med spesialsakkunnige. Retningslinene for komitesamansetjing er sette på fakultetet. Johannesen meinte ein burde vurdere om ein i det minste burde ha to per disiplin i komiteen. Johnsen viste til at ein kan ta opp desse spørsmåla i FFU ved instituttet og med fakultetet. Lunde viste til at heile doktorgraden er under revisjon, og dermed vil det vera naturleg å ta opp slike spørsmål til vurdering.

Åse Johnsen,  
instituttleiar

Arve Kjell Uthaug,  
administrasjonssjef